



Svein Ottar Rørheim og Hans Reidar Kjærland på taket der dei får pipa på plass (Foto: Kristian Olav Bringedal)

Det vart utført mykje godtarbeid på Storhaughytta i dag.

Fire av dei åtte eigarane (brukarane) var tidleg på plass og nytta dagen fram mot stiingetid

Storhaughytta er stort sett ferdig utvendig. I dag kom pipa på plass og brannveggen inne er ferdigstillt.

Hytta er romsleg med to soverom, kjøkken, stor stove og WC/vaskerom.

Noko innreiingsarbeid står att. Det gjeld golv, paneling og plating av taket.

Hytta ligg vakkert til med flott utsikt i alle retningar,- innover Steinaheiane og Hauglandsfjellet, mot Ulvanåso og Englafjell, mot Ølve, Tysnes, Bjørnefjorden og inn Hardangerfjorden.

Arbeidet med å renovera Storhaughytta tok til i 2007.

Til neste sumar skal hytta vera klar for bruk.



[Hytta ligg svært vakkert til \(Foto: Kristian Olav Bringedal\)](#)

Av Kristian Olav Bringedal



Egil Pile og Leif Magne Framnes ser til at brannveggen er på plass. (Foto: Kristian Olav Bringedal)